

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Referat frå studenttingsmøte 02.05.18

Tid 02.05.18 kl 17.00-20.30

Stad Kaarstad 202

Til stades med stemmerett:
AHL: Lillian Gåsemyr (H), Sara Bergland (H)
AKF: Sigmund Bratlie (H), Trym Nikolas Rimmen (H)
AMF: Marion Kristine Gustavsen (H), Bernt Inge Berge (H)
ASH: Alexander Økland (H), Andrea Fremmerlid (H)
FR: Allan Levi Melby (H), Ane Buner (H), Bettina Indgjerd (V)

Til stades utan stemmerett:
AU: Simen Langeland, Oda Næs Skoglund, Håvard Bjørnerem, Guro Kvist, Paloma Lorenzale Alonso
Andre: Marit Aklestad (referent), Tonje Nordrum (ordstyrar), Nikolai Hannevik Nordlid (stud.repr. i Høgskulestyret), Tormod Smedsvig (styret i SiVolda), Christian T. Christiansen, Tormod Malvin Sæther, Kristine Dahle Skaldehaug, Attiq Tahir, Erlend Rossen, Eros Coratti, Frida D. Smistad, Christian Hopewell, Jeanett Reisig, Christina Wilke.

Saksliste	Type sak
Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
Sak 59 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
Sak 60 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
Sak 61 – Orienteringar	Orienteringssak
Sak 62 – Val av nytt AU: Leiar i Studenttinget	Vedtakssak
Sak 63 – Val av nytt AU: Fagansvarleg	Vedtakssak
Sak 64 – Val av nytt AU: Velferdsansvarleg	Vedtakssak
Sak 65 – Val av nytt AU: Informasjonsansvarleg	Vedtakssak
Sak 66 – Val av nytt AU: Internasjonalt ansvarleg	Vedtakssak
Sak 67 – Val av kontrollkomité til Studenttinget i Volda	Vedtakssak
Sak 68 – Val av studentrepresentantar til styret i SiVolda	Vedtakssak
Sak 69 – Namneendring for Studenttinget i Volda	Vedtakssak
Sak 70 – Endringar i vedtektene	Vedtakssak
Sak 71 – Høyring – avdelingsstruktur	Diskusjonssak
Sak 72 – Høyring – valreglement til Høgskulestyret	Diskusjonssak
Sak 73 – Utleige av kantineområdet	Diskusjonssak
Sak 74 – Eventuelt: Reglar for endring i undervisningsplanar	Diskusjonssak

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 00 – 17/18 Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

11 røysteføre. Studenttinget er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

AU innstilte på Tonje Nordrum som ordstyrar.

AU innstilte på Marit Aklestad og Håvard Bjørnerem til teljekorps.

Vedtak:

Tonje Nordrum vart vald til ordstyrar.

Marit Aklestad og Håvard Bjørnerem vart valde til teljekorps.

Sak 59 – 17/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Merknader til innkallinga: ingen.

Merknader til sakslista: det vart meldt inn 1 eventuelt-saker. Sak 67 vert flytta til etter sak 70.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner innkallinga.

Studenttinget godkjenner sakslista med ovanstående merknader.

Sak 60 – 17/18 Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknader.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 21.03.18.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 61 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Arbeidsutvalet v/leiar Håvard Bjørnerem orienterte om fylgjande saker:

- Landsmøte i NSO
Marion Gustavsen vart vald til 1. vara i sentralstyret i NSO.

Tormod Smedsvig orienterte frå styret i Samskipnaden i Volda:

- Byggeprosjektet med nye studentbustader.
- Val til styet i Samskipnaden

Nikolai Hannevik Nordlid orienterte om saker frå Høgskulestyret:

- Val av studentrepresentantar til Høgskulestyret
- Oppfylging av Studiebarometeret
- Avgiftsparkering ved Høgskulen i Volda
- Møte med Kunnskapsdepartementet 14. mai

Det var høve til å stille spørsmål.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 62 – 17/18 Val av nytt AU: Leiar i Studenttinget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem orienterte om vervet.

Følgjande stilte til val: Simen Langeland

Kandidaten heldt 1 minuttts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval.

Vedtak:

Simen Langeland vart vald til ny leiar i Studenttinget i Volda

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 63 – 17/18 Val av nytt AU: Fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Oda Næs Skoglund orienterte om vervet.

Desse stilte til val: Attiq Tahir, Jeanette Reisig

Kandidatane heldt 1 minutts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Jeanette Reisig vart vald til ny fag- og forskingsansvarleg i Studenttinget i Volda

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 64 – 17/18 Val av nytt AU: Velferdsansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsaming: Guro Kvist

Guro Kvist orienterte om vervet.

Desse stilte til val: Trym Nikolas Rimmen, Christian T. Christiansen, Attiq Tahir, Kristine Dahle Skaldehaug

Kandidatane heldt 1 minuttts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Trym Nicholas Rimmen vart vald til ny velferdsansvarleg i Studenttinget i Volda

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 65 – 17/18 Val av nytt AU: informasjonsansvarleg

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Simen Langeland orienterte om vervet.

Fylgjande stilte til val: Erlend Ausland Rossen

Kandidaten heldt 1 minuttts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Erlend Ausland Rossen vart vald til ny informasjonsansvarleg i Studenttinget i Volda

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 66 – 17/18 Val av nytt AU: Internasjonalt ansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Paloma Lorenzale Alonso orienterte om vervet.

Dessestilte til val: Christina Wilke, Paloma Lorenzale Alonso

Kandidatane heldt 1 minutts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Christina Wilke vart vald til ny internasjonalt ansvarleg i Studenttinget i Volda

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 67 – 17/18 Val av kontrollkomité til Studenttinget i Volda

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem orienterte om vervet.

Desse stilte til val: Bernt Inge Berge, Allan Levi Melby

Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak: Bernt Inge Berge og Allan Levi Melby vart valde til kontrollkomitéen i Studenttinget i Volda.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 68 – 17/18 Val av representantar til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

Tormod Smedsvig orienterte om styrevervet.

Fylgjande stilte til val:

Svend Andreas Aspaas (ikkje til stades i møtet, presentert via video), Marion Gustavsen, Håvard Bjørnerem, Christian Christiansen, Sigmund Bratlie, Tormod Malvin Sæther, Tormod Smedsvig.

Kandidatane heldt 1 minutts valtale. Det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Desse vart valde til styret i Studentsamskipnaden i Volda:
Håvard Bjørnerem, Tormod Malvin Sæther, Tormod Smedsvig.

1. vara: Marion Kristine Gustavsen, 2. vara: Sigmund Bratlie, 3. vara: Svend Andreas Aspaas

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 70– 17/18 Namneendring for Studenttinget i Volda

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Studenttinget drøfta saka om namneendring. I utgangspunktet var det fire forslag til namneendring som skulle drøftast.

- Volda Studentparlament
- Studentparlamentet i Volda
- Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda
- Studenttinget i Volda

AU sitt forslag til vedtak:

1. Studenttinget i Volda opnar vedtektene
2. Studenttinget i Volda endrar namn til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda (7 stemmer)
3. Vedtektene blir endra i tråd med det nye namnet, Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda (8)

Andre forslag til vedtak til punkt 2:

Studenttinget i Volda endrar namn til Studentparlamentet i Volda
Studenttinget i Volda endrar namn til Studentparlamentet ved Høgskolen her

Votering:

1. Studenttinget i Volda opnar vedtektene. Einstemmig vedteke.
2. Studenttinget i Volda endrar namn til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda. Vedteke med 7 mot 2 stemmer, 1 avhaldande. Dei andre forslaga fall mot hhv. 2 og 1 stemme.
3. Vedtektene blir endra i tråd med det nye namnet, Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda. Vedteke med 8 mot 1 stemme. 2 avhaldande.

Vedtak:

1. Studenttinget i Volda opnar vedtektene.
2. Studenttinget i Volda endrar namn til Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.
3. Vedtektene blir endra i tråd med det nye namnet, Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 71 – 17/18 Endringer i vedtektene

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Endringsforslag 1: Endring frå Strategiplan til Prinsippprogram.

Vedtak: forslaget vedtatt (10 stemmer for, 1 avhaldande).

Endringsforslag 2: Stryke spesifisering av når på året arbeidsprogrammet skal vedtakast.

Vedtak: forslaget vedtatt (10 stemmer for, 1 avhaldande).

Endringsforslag 3: Flytting av tekst og tydeleggjering av rutinar ved endring av vedtekter og styringsdokument.

Vedtak: forslaget avvist (7 stemmer for, 1 stemme mot, 3 stemmer avhaldande).

Endringsforslag 4: Kutte § 8 Kontrollkomité

Vedtak: forslaget avvist (3 stemmer for, 8 stemmer mot).

Endringsforslag 5: Endring av namn for Studenttinget i Volda

Vedtak: forslaget vedtatt (9 stemmer for, 2 avhaldande).

Vedtak av endringane i sin heilskap.

Votering: forslaget vedtatt med 10 mot 1 stemme.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 71– 17/18 Høyring: Avdelingsstruktur

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Oda Skoglund la fram diskusjonssak for innspel til høyringssvar angående vurdering av avdelingsstruktur ved Høgskulen i Volda.

AU presenterte dei tre ulike alternativa som arbeidsgruppa for ny avdelingsstruktur har sendt ut på høyring (modell D – tre avdelingar, modell E – to avdelingar, dagens modell – fire avdelingar), og la fram fylgjande spørsmål til diskusjon:

- Korleis vil ei endring i avdelingane påverke studentane?
- Kva modell er mest hensiktsmessig ut i frå studentane sitt perspektiv?
- Korleis vil ei to- eller tredelt inndeling påverke studentane sin kvardag?
- Vil ei to- eller tredelt inndeling gjere det lettare å arbeide tverrfagleg enn i dag?
- Er endringar i avdelingsstruktur det studentane ved Høgskulen treng med tanke på t.d. resultat frå Studiebarometeret, arbeid med å forbetre studiekvaliteten osv.?

Innspel frå studenttinget:

I drøftinga i Studenttinget kom det fram argument og synspunkt både for å behalde dagens avdelingsstruktur, og for kva som kan vere føremoner med dei andre modellane. Eit klart fleirtal i Studenttinget vektla at dagens modell er den mest tenlege for studentane. Studenttinget trekte fram fylgjande argument:

- Studenttinget har ikkje fått nokon signal frå studentar som tyder på at det er behov for å endre på avdelingane. Dagens modell har minst konsekvensar for studentane. Leiinga ved høgskulen bør heller leggje inn ressursar for å rydde opp internt på avdelingane og arbeide for at dei fungerer godt ned på undervisningsnivå.
- Studentane er bekymra for at særleg kulturfag kan bli svekka dersom dei vert slått saman med ei anna avdeling. Studenttinget fryktar at ei samanslåing av avdeling for mediefag og avd. for kulturfag (modell D) kan svekkje dei linjene som gjer det best ved Høgskulen.
- Å arbeide tverrfagleg og på tvers av avdelingar er viktig for å utvikle fagmiljøa. Dette kan verte lettare ved å gå for modell D eller E, men det bør også gå an å få til uavhengig av avdelingsstruktur.
- Høgskulen i Volda må heile tida ha fokus på attraktivitet og omdøme. Då treng ein spissa linjer og avdelingar som treffer målgruppa. Sterke fagmiljø byggjer opp under kvaliteten på Høgskulen. Studenttinget stiller spørsmål ved om Høgskulen kan risikere å bli mindre attraktiv dersom viktige avdelingar som mediefag og kulturfag blir mindre spissa/profilerte.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



- For store avdelingar kan innverke på opplevd avstand frå student til leiing. Dei minste avdelingane er dei med dei mest fornøgde studentane. Studenttinget ser det som ein viktig verdi ved Høgskulen at det er kort veg til leiinga ved dei ulike avdelingane, ein verdi som kan verte svekt ved å gå inn for modell D og E. Studenttinget ser allereie i dag at det er stor skilnad på kor tett på dekan og toppleiing er på studentane ved dei ulike avdelingane, og ser det som ein styrke om dekan har eit med eit nærast mogleg forhold til studentane sin studiekvardag.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 72– 17/18 Høyring: valreglement til Høgskulestyret

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Simen Langeland sit i valstyret, og la fram saka om forslag til endring i valreglementet til Høgskulen i Volda. Det var særleg tre punkt valstyret ba om innspel på.

1. Tidspunkt for val av studentrepresentantar

Studenttinget ser gode argument for å avhalde val både på våren og hausten, men eit fleirtal heller mot at det er fornuftig å endre valet til hausten.

Studenttinget vektlegg då argument om at ein bør stemme på kandidatar for det året ein sjølv er student. Ved val på hausten vil også førsteårsstudentar og studentar på årsstudium kunne stemme, medan val på våren fører til at dei som er i ferd med å avslutte sine studium får stemme, medan nye studentar frå hausten ikkje har innverknad på valet. Val på hausten gjev også alle studentar høve til å stille til val. Ein unngår at studentar som avsluttar eit studium på våren og tek til på eit nytt løp på hausten blir utelukka frå å stille til val. Ved val på våren, kan ikkje studentar som t.d. er ferdig med bachelor og skal til på ein master stille til val.

Ein bakdel ved å leggje valet til hausten, er at det ikkje vert høve til overlapp mellom avtroppande og påtroppande studentrepresentantar. Nye studentar i styret kan trenge tid på å lese seg opp og setje seg inn i korleis styret arbeider. Det blir mindre høve til slik førebuing når ein går rett inn i vervet på hausten. Studentrepresentantane sit berre for eit år i gongen, og det er difor viktig at dei fungerer godt i vervet frå første møte.

Studenttinget vil alltid være opptatt av at alle studentar skal kunne påverke og delta i studentdemokratiet. Ved val på hausten får alle som er student det skuleåret moglegheit til å påverke valet, som er eit tungtvegande argument for Studenttinget. Blir valet flytta, må det samstundes leggjast betre til rette for dei som vert valde inn i Høgskulestyret får tid til førebuing og opplæring. Høgskulen må sikre ei god ordning for å integrere studentrepresentantane så raskt som mogleg inn i styrearbeidet, og sikre at dei har tilstrekkeleg med tid til å setje seg inn i vervet før første møte.

Studenttinget er, uavhengig av valtidspunkt, opptekne av at Høgskulen må arbeide for å auke valdeltakinga til høgskulestyret. Her bør Høgskulen leggje til rette og setje inn tiltak, gjerne i samarbeid med Studenttinget. Der kan vere synergieffektar ved å leggje valet til hausten, då dette også er tida for å velje representantar til Studenttinget.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



2. Leitekomite til rektorvalet

Studenttinget er positive til ein slik komité. Studenttinget understrekar at det bør vere studentar representert i leitekomitéen. Studenttinget meiner at leitekomiteen ikkje bør kunne fremje kandidatar, men vere ein aktiv pådrivar som tilrår kandidatar å stille til rektorvalet

3. Kjønnbalanse

Studenttinget meiner at kjønnbalanse er viktig, og at ei forsiktig oppmoding om at begge kjønn bør vere representert kan vere på sin plass. Men det er også forståeleg om dette er vanskeleg å oppnå om det er få kandidatar til vervet.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 73 – 17/18 Utleige av kantineområdet

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

Guro Kvist orienterte om saka, som går ut på at det har kome reaksjonar frå studentar som opplever utleige av kantineområdet som eit problem, særleg i eksamenstida.

Guro vil difor ha innspel frå Studenttinget som ho kan ta med seg vidare til læringsmiljøutvalet.

Innspel frå Studenttinget:

Studenttinget meiner at det er uheldig med utleige av kantineområdet i eksamensperioden. Kantineområdet er eit viktig opphaldsrom for studentar, både til studium, gruppearbeid og som sosial møteplass, og støy og uro frå kantina i samband med t.d. barnebursdagar og liknande spreier seg til store deler av BK.

Også fagleg relevante/interne arrangement kan tidvis lage støy i/ved kantina. Det er bra at kantina kan huse arrangement som gagnar studentane, men Studenttinget skulle gjerne sett at Drift vurderer moglegheitene for meir lyddemping i/ved kantina.

Studenttinget finn det også på sin plass å innføre klarare retningslinjer for utleige av kantina:

- Kantina er først og fremst for studentar, og er eit stad mange nyttar, også til eksamensførebuingar. Utleige i eksamensperioden bør difor avgrense seg til interne arrangement ved Høgskulen, avslutningar for studium/avdelingar og liknande.
- Det bør ikkje gå føre seg eksterne arrangement i kantina kveld/helg i eksamensperioden. Studentar har erfart at enkelte arrangement også har gjort det vanskeleg/uråd å passere gjennom BK utan inngangsbillett, noko som framstår som urimeleg. Studentar må ha tilgang på BK kveld og helg uavhengig av eksterne arrangement.
- Ved utleige bør det opplysast tydelegare til studentar, t.d. gjennom informasjonstavler og Canvas, og avtale om utleige må gjerast i god tid.
- Studenttinget ser verdien av å invitere folk utanfrå til ulike arrangement der også kantina er i bruk, men fullstendig avsperring av kantina bør unngåast så langt det er råd.
- Nokre av arrangementa kan med fordel flyttast til andre lokaler, men dette må ein sjå an i det enkelte tilfelle. Ein må unngå å flytte problemet frå BK til andre deler av campus.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 7/17-18

Møtedato 02.05.18



Sak 73 – 17/18 Eventuelt: Reglar for endring av undervisningsplanar

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Ane Buner

Ane Buner la fram sak om kva reglar Høgskulen har når det gjeld å endre undervisningsplanar på kort varsel. Fleire studentar har opplevd problem knytt til dette, då ein gjerne har planlagt heimreise/bestilt billetter til t.d. studiedagar, som på kort varsel har blitt endra til undervisningsdagar. Er det rimeleg at det blir ført fråver ved endring av planane på kort varsel? Bør Høgskulen ha eit tydeleg reglement for dette, til fordel for både studentar og undervisarar, for ein mest mogleg lik praksis på tvers av studium og avdelingar?

Per i dag har høgskulen ein praksis i retning av at studentar «skal vere til disposisjon måndag-fredag, og at slike endringar må påreknast». Studenttinget opplever at dette blir praktisert litt ulikt på ulike studium.

Innspel frå Studenttinget

- Studentar må kunne planlegge heimreiser, deltidsarbeid, fritidsaktivitetar og anna ut i frå ein fastsett undervisningsplan. Studenttinget har forståing for at det nokre gongar kan oppstå situasjonar som gjer det naudsynt å endre undervisningsplanane på kort varsel, men i slike tilfelle kan ikkje studentane påleggjast obligatorisk oppmøte.
- Ved Høgskulen på Lillehammer står det i reglementet at det ikkje kan førast fråver dersom det oppstår endringar i undervisningsoppsettet med under to vekers varsel.
- Eit tilsvarande punkt bør inn i regelverket til HVO – forskrift om studium og eksamen. Det er urimeleg at studentane kan risikere at uføreseielege endringar i undervisningsplanen går ut over kvoten for obligatorisk oppmøte, og dermed moglegheita til å gå opp til eksamen.

Vidare prosess:

Studentrepresentantane i Strategisk studienemnd vil ta opp saka der, og AU kan i tillegg ta opp saka på leiingsmøte. Avtroppande AU oppmodar Studenttinget til å fylgje opp saka også neste semester.

Møteslutt kl 21.10

Marit Aklestad, referent